



Konfirmantjubilantane på Solheim- trappa etter middagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi hadde ein kjempedag i går og har hatt det like kjekt i går, Vi set stor pris på den store jobben som soknerådet har lagt ned. Slikt gjer seg ikke sjølv. Det var Aslaug Sunde Lyse, konfirmert i 1958, som sa dette under middagen under hennar eige tak på Solheim søndag ettermiddag. Der vart jubileet for rundt rekna 30 av dei som vart konfirmerte for 50, 51,60,61, 70 og 71 år sidan runda av og arrangementet var minst like vellukka som det for to år sidan.



Presten, Aksel Lygre, kunne meir enn å halda preike. Til venstre Torfinn Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dag nummer to starta med gudsteneste og det var vikarprest frå Stord Aksel Lygre som hadde den. Til dagleg jobbar han i Stord Indremisjon. Han var også med under middagen og fekk opp stemninga både med gitar og song og ei svensk biskop-historie. Til dei jubilerende sa han dette:

- Sidan konfirmasjonen i Uskedalen har det rent mykje vatn i fjorden frå fjella og konfirmantane har samla mykje livserfaring.. Eg vonar at noko av lærdommen og det dykk lova under konfirmasjonen sit att framleis.



Dette er kullet frå 1949 - biletet er utlånt av Thordis Myklebust. I første rekkje frå venstre Else Mæland Pile, Reidun Myklebust Arnesen, Astrid Myklebust Kjensli, Ruth Slåke Sæle, Aslaug Fykse og Thordis Myklebust. Bak frå venstre Arne Mussland, Kåre Hauge, Knut Sellevold, Johannes Hauge og Kåre Larsen. Svein Myklebust, Målfrid Arnesen, Rita Arnesen og Else Fjellandsbø var ikkje til stades då biletet vart teke.

Jubilantane vart presentert i kyrkja av soknerådsleiar Audun Eik, som lova at konfirmantene skulle sleppa overhøyring denne dagen og opplyste at dette er det siste arrangement det sittande soknerådet står bak før det takkar for seg 1. november.

På Solheim fekk jublantene høve til å gje nærare informasjon om sine liv både under og etter konfirmasjonen. Ikkje minst Jan Henry Sunde (konfirmert i 1958) vekte oppsikt då han fortalde at han svømte av under den lange overhøyringa og var konfirmert i sittande stilling!





Dette er konfirmantane i 1938 - biletet er utlånt av Gunnbjørg Stensletten Eik. Frå venstre i fyrste rekke: Helga Haugland, Agnes Eik, Anna Kjærland, Johanne Fjellandsbø, Beate Skorpen, Marta Stensletten og Ågot Eide. Andre rekke frå venstre: Eirik Myklebust, Kåre Eik, presten Knut Sellevold, Einar Sunde, Bjarne Rød, Peder Stensletten og Audun Hroar Olsen.

Dei eldste av jublantane var 87 år gamle Peder Stensletten og nesten 87 år gamle Anna Beate Skorpen Lindeflaten, som begge bur på Stord. Noko som gjekk att i "vitnesbyrda" var kor sterkt knytte dei har vore til Uskedalen gjennom heile livet og at dei framleis er det. Til dømes sa Aud Karin Bjelland Løvfall at ho framleis er "veldig mykje uskedeling" og la til at nest etter familien er det dei ho gjekk saman med på skulen som betyr noko for henne. Også Målfrid Kolltveit Eltvik som bur i Bergen reknar seg framleis som uskedeling og er "veldig patriot", som ho uttrykte det.

Ragna Langballe Hjelmeland (konfirmant i 1939) fortalde om konfirmasjonen sin og mintes at hennar fadder Sivert Kjærland hadde teke med seg festlyden til ein stad på Skorpo med fin utsikt mot Uskedalsfjella og deklamert "Der ligger et land..."

Ragna var også innoom tidlegare tider og mintes kva Marianne Langballe hadde fortald om transport til Kvinnheradkyrkja. Første etappe var med hest i båten over til Uskedalen!

Else Mæland Pile (konfirmant i 1949) mintes at det var uver under konfirmasjonen, faktisk så ille at bussane ikkje kunne køyre over Eikelvbrua.

Eit populært innslag under samveret på Solheim var naturleg nok presentasjon av kullbilete. Jubilantane hadde ikkje problem med å kjenne att kvarandre!

Ein måtte ellers bli imponert over oppslutnaden om arrangementet. Deltakarane kom frå Kvinnherad, Rissa i Trøndelag, Eikelandsosen, Bergen, Oslo, Stord, Sandnes, Rennesøy, Odda og Sauda! Og det er ikkje tvil om at dei reiste heim med nye, sterke minnar frå barndommens dal!

Av Ola Matti Mathisen



Anne Beate Skorpen Lindeflaten fortalte under middagen. Det gjorde også Ragna Langballe Hjelmeland som sit til høgre for henne. Til venstre Leif Arne Myhre. (Foto: Ola Matti Mathisen)